Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Erfjord.

Emne: Juletre og julehalm.

Bygdelag:

Oppskr. av: Gudmund Jårvik.

Gard: Hamra.

(adresse): Vik i Erfjord

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Jolctre er ålment i vår bygd.
2. Det var i dei fyrste åra etter år 1900 at dei byrja med joletre i vår bygd.
3. Det var i sume heimar at dei byrja med joletre her, seinare tok dei til med festar på skulehuset.
No har dei joletre i alle heimar.
5. Sume stader pyntar dei stova med granbar eller kristorn atåt joletreet.
6. Joletreet er umlag 1.5 m. högt.
7. Joletre er pynta med flag, korger, blanke kuler og stjernor, og so hinger dei ofte apelsiner og eple og neter i korger av papir på joletre. Det er alltid ljos på joletre.
8. Det er både vaksne og born som pyntar joletre.
9. Dei fleste joletre står fritt på golvet. Det står i ein planke-ende som det er hol i eller ein kross, fot kallar ein det.

4675

2

10. Det er jolaftan at ein kveikjer Ljosi på joletre, so kveikjer ein dei juldagskvelden og annandagskvelden. Nyårshelga kveiker ein det og. Trettandagsaftan var siste gangen me kveikte Ljosi heime

11. Ein går rundt tre og syng salmar og songar.
Jul med din glede. Jeg synger julekvad. No koma Guds englar med helsing i sky. Et barn er født i Betlehem. Kling no klokka og mange andre.

12. Joletre vert skjeldan ståande lenger enn til trettandagen.

13. Borni får låv å hausta joletre, dei tek då det som er etande av det som heng på joletre; men pynte kan henga lenger på. Ta pynten av joletre segjer ein når ein tek det burt. Det er ikkje nokon viss dag dei skal ta det av.

14. Det fyrste eg hugsar var det furu ein bruka til jole tre; men etter at granplantingane har vakse har ein helst nytta gran.

16. Ein sette ikkje ljosjo tre utanfor huset.

1. Ein hugsar ikkje at ein hadde halm på golvet jolaftan.

4. Her er tradisjon om at dei låg i flatseng jolaftan. Det var på stove golvet dei låg. Dei bar halm inn på golvet og reidde opp flatseng.

4675
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING